

Innspel til kommunedelplan kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035

På vegne av FAU Ostereidet barneskule ynskjer me å spele inn desse punktene til planen;

Me her på Ostereidet føler oss gløymde av kommunen. Det er ikkje det at me ikkje ser at me bur i ein del som er utfordrande mtp avstandar, men akkurat dei avstandane gjer at me TRENG å få fleire tilbod til barn/unge her i bygda. Det er både langt, dyrt og tidkrevjande å køyre til Knarvik for mange, men borna her i bygda har samme behov, og burde hatt samme rettighetar til aktivitetar som dei borna i andre delar av kommunen vår.

At me ynskjer oss Osterhallen er nok komt tydeleg fram, og det er framleis på topp på ynskjelista, då den kan generere mange fleire moglegheiter.

I påvente av hallen har me eit stekrt ynskje om å få konkrete Kulturskuletilbod lokalisert på Ostereidet.

Gjerne innan musikk, drama, maling, dans.

(Og her vil me understreke at dette er viktige felt for born å kunne uttrykkje seg på. I eit samfunn der adferdsproblema veks, og skulen vert tappa for ressursar, er det ei billeg invistering å la borna på uttrykkje seg på andre måtar enn fagleg, for å oppleve meistring)

MEN, det er viktig at det kjem fram på søknadspapira at desse tilboda kan tilbys på Ostereidet i utgangspkt. Mange vel å ikkje søke borna inn i Kulturskulen grunna lang reise.

Me ynskjer og å få ei auke i tilbodet i Ungdomsklubben;

Fleire dagar opent, og for fleire aldersgrupper.

Det er òg eit ynskje om å ha ein E-sportavdeling på Ungdomskubben.

Dette i påvente av hallen.

Mulighet til open hall (aka GYMSAL) i helger og feriar står òg på ynskjelista vår. Dette tilbodet har dei dei fleste andre plassar i Kommunen, men det har ikkje vore tema her. Er gymsalen god nok til skulebruk/ettermiddagsbruk, så bør den òg kunne være open i helgar/feriar. Og kombinert med bassenget, så hadde fleire kunne nytte seg av det me har.

SÅ ynskjer me oss eit Folkebibliotek. Eit par kveldar i veka hadde vore perfekt!

Håpar de kan sjå på dette med alvorsauger, og skjønne at trass store avstandar og vrien logistikk, så bur me mange her inne, og me ynskjer å verte sett, samt kunne tilby både barna og ungdommane våre aktivitetar i vårt nærområde.

På vegne av FAU Ostereidet Barneskule

Silje Smådal